

Tittel:

Internship-retteiing sett frå eit industriperspektiv

Abstract:

Arbeidsrelevans har vore eit mykje diskutert tema innanfor høgare utdanning dei siste åra. Det har vorte peika på at spesielt disiplinutdanning har utfordringar med å både syne studentane relevansen av utdanning deira, men også å sørge for samspel med arbeids- og næringsliv i løpet av utdanninga. Meir og betre praksis har vorte peika på som ei mogleg løysing på dette.

Forsking på praksis syner til mange positive verknadar for student, utdanningsinstitusjon og praksisorganisasjon. Det kjem derimot også fram at desse er avhengig av at praksisordningane er av god kvalitet. Kvalitet i praksis kan for eksempel handle om dei pedagogiske læringsaktivitetane i praksisperioden eller samarbeidet mellom utdanningsinstitusjon og praksisorganisasjon. Men det som vert peika på i litteraturen som kanskje den viktigaste faktoren, er rolla til rettleiar i praksisorganisasjon og korleis vedkommande følgjer opp studenten.

Sjølv om mange empiriske studiar har identifisert denne rolle som sentral for kvaliteten i praksiserfaringa, er det lite forskning på korleis denne rolla kan handterast. Denne studien freistar å sjå nærmare på dette gjennom ein kvalitativ studie med intervju av 13 rettleiarar som har hatt ein student hos seg i internship i eitt semester. Studentane dette gjeld er i siste semester av ei bachelorgrad innan økonomisk-administrative fag, eit fagområde for praksis som det er gjort lite forskning på samanlikna med for eksempel helse- og lærarutdanning.

Våre funn syner at rettleiing av internship-studentar er ei balanseøving for rettleiarane. Dei må balanser fleksibilitet og struktur, samt tilpassing og standardisering i arbeidsoppgåvene, samtidig som dei må balansere tidsbruk med tanke på oppfølging av student og utbytte for organisasjonen. Vidare gjer dei seg refleksjonar ved å gi friheit versus å vere tett på, og det er også organisatoriske utfordringar når det gjeld å ha ein dedikert rettleiar i organisasjon samanlikna med å delegere rettleiingsansvar på fleire.

Samarbeid for å etablere alternativ læringsarena på besøksgård

Anne Botslangen, Høgskolen i Molde

Holmarka besøksgård utvikles som alternativ læringsarena for elever i grunnskolen. Det innebærer også utvikling av besøksgården som praksisarena for studenter, noe som knytter barns og ungdoms hverdagslivsmesting sammen med profesjonsutdanning.

Det pågår et samarbeid mellom skolene Sellanrå og Bekkevoll, frivillige organisasjoner og Høgskolen i Molde for å etablere et pedagogisk grønt helse- og sosialfaglig tilbud med utgangspunkt i natur og dyr ved Holmarka besøksgård, Romsdalsmuseet. Tilbudet ved Holmarka besøksgård skal være et supplerende og alternativt tilbud for alle elever i grunnskolen.

Besøksgård som læringsarena er et unikt tilbud og forskningsfelt fordi:

- * Samarbeid mellom frivillighet, skole/kommune og academia, altså samskaping for å møte utfordringer innen sosial innovasjon og sosial bærekraft.
- * Samarbeidsprosjekt som kan tilby praksisplasser for studenter.
- * Besøksgården er en tilrettelagt arena for at mennesker kan få opplevelser i naturen og kontakt med dyr.

Prosjektet bygger på lokale ressurser og legger vekt på grønn fagutvikling og omstilling innen utdanning og velferdsfeltet. Det kan vinkles internasjonalt gjennom samarbeid med Norec-prosjektet i Tanzania. Prosjektet tar sikte på å knytte faglige aktiviteter sammen med innovasjon og bærekraft, og det bygger samarbeid mellom høgskolen, offentlige aktører og frivilligheten.

Prosjektet har søkt samarbeidsmidler fra Høgskolen i Molde, avdeling for helse og sosialfag. Det har søkt PhD-midler med sikte på å undersøke hverdagslivsopplevelser hos barn i grunnskolen med utgangspunkt i læringsarenaen besøksgård. Målet er å få mer kunnskap om inkluderings- og ekskluderingsprosesser hos barn i grunnskolen. Prosjektet har også søkt finansiering fra Stiftelsen Damm.

I juni 2024 vil det være mulig å beskrive prosjektets utforming, samarbeidet mellom offentlig, privat og frivillighet, erfaringer fra læringsarenaen denne våren. Utforming av prosjektet bygger på en videreutvikling av et kapittel Liv Sølverød og Anne Botslangen skrev i boka *Grønt sosialt arbeid. Grønn omstilling i helse- og sosialfag praksis*. Fagbokforlaget 2024.

Praksis i økonomisk-administrativ utdanning – eit bidrag til auka verdiskaping?

Mona Kristin Nytnun, Høgskulen på Vestlandet
Leif Longvanes, Høgskulen i Volda

Økonomisk-administrativ utdanning skil seg frå ein del andre bachelorutdanningar som går inn under omgrepet «profesjonsutdanningar» ved at det tradisjonelt ikkje har vore praksis i denne utdanninga og at det ikkje er utvikla ein eigen «profesjonskunnskap». Det er lite forskning på samanhengen mellom utdanning og yrkesutøving og det manglar ein forskingstradisjonen om utøving av «øk.adm-yrket».

I overgangen mellom teoretisk utdanning og yrkesutøving vil det, spesielt om det ikkje er ferdighetstrening eller praksis i utdanninga, kunne bli lægre produktivitet som følgje av at ein må gjennomføre opplæring i bedrift. Tilsvarende vil turnover som følgje av feil yrkesval hjå nyutdanna kandidatar kunne bidra til høge kostnader og lægre produktivitet i organisasjonar som tilset slike kandidatar.

Sidan 2017 har valemne *Praksis i rekneskapsførarverksemd* vore tilbydd ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal. I løpet av ein praksisperiode på tre veker gjennomfører studentane autentiske arbeidsoppgåver og får erfaring og forståing for problemstillingar, prosessar og verktøy som blir nytta på eit rekneskapskontor.

Som ein del av sluttevalueringa av praksis-emnet skriv studentane praksisrapport der dei skal reflektere over eigen læring i praksisperioden, arbeidsoppgåvene og utviklinga som framtidig yrkesutøvar. I denne artikkelen nyttar vi praksisrapportane og intervju av eit utval av studentar som har gjennomført praksis-emnet for å drøfte problemstillinga: *Bidreg gjennomføring av frivillig praksis i bachelor i økonomi og administrasjon til auka verdiskaping i overgangen mellom utdanning og yrkesutøving?*

Med utgangspunkt i denne problemstillinga set vi fram følgjande forskingsspørsmål:

- Medfører praksis at kandidatane opplever å få meir relevant arbeid etter fullført utdanning?
- Oppfattar kandidatane som har gjennomført praksis at dei raskare bidreg til verdiskaping i arbeidslivet?

- Korleis bidreg læring i praksisperioden til auka forståing for utøving av yrket som bachelor i økonomi og administrasjon?

Sidan data ikkje er ferdig analysert har vi førebels ingen resultat å vise til.